

Telemark fylkeskommune
Postboks 2844
3702 Skien

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Vedr. Saknr. 15-15956 Dokumentnr. 15-15956-6

På side 3 følger brev fra Telemark fylkeskommune.

I likhet med mange andre offentlige virksomheter sender Telemark fylkeskommune post til din digitale postkasse. Du får posten raskere fordi du slipper å vente på postgangen, posten blir lagret på ett og samme sted, i tillegg til at vi sparer miljøet.

Mottar du dette brevet på papir, men ønsker å motta fremtidige brev digitalt? Les mer på www.norge.no om hvordan du kan opprette din egen digitale postkasse.

Alle virksomheter som er registrert i Enhetsregisteret, både næringslivet, private, offentlige og frivillige organisasjoner får posten i Altinn.



Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

/Avdeling for areal og
transport

| | |
|-------------------|-------------------------|
| Vår dato | 17.03.2016 |
| Deres dato | 2016-02- 11T00:00:00 |
| Vår referanse | 15/15956-6 |
| Deres referanse | 201206788-8 |
| Vår saksbehandler | Torbjørn Landmark |

Fråsegn - Søknad om løyve til å byggje Herrefoss kraftverk - Bø kommune

Vi viser til oversending frå NVE dagsett 11.02.2016 der fylkeskommunen er førespurt om å gje førehandsfråsegn i samband med søknad om løyve til å byggje Herrefoss kraftverk.

Søknaden skal handsamast etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Søknaden skal òg vurderast etter «forskrift om konsekvensutredningar etter sektorlover».

Vi har følgjande vurderingar av tiltaket vurdert opp mot sektorlovgivinga og opp mot kjende allmenne interesser som tiltaket kan få følgjer for:

Omsyn til automatisk freda kulturminne

Ifølgje konsesjonssøknaden vil tiltaka i prosjektet omfatta bygging av kraftstasjon og vassveg, bygging av ny veg, massetak, deponi og nettilknytting. I tillegg skal det etablerast eit riggområde som er planlagt plassera «på moen på toppen av elveskåningen der det er vegadkomst i dag». Tiltaka medfører terrenginngrep, og dammen vil med ein inntakvasstand på kote 115 medføra ei heving ca. 1–1,5 meter av den naturlege vasstanden.

Direkte ovanfor den planlagde dammen ligg det to automatisk freda kulturminne. Desse er gravrøyser med id-nummer 139402 og 139403 i kulturminnebasen Askeladden. Gravrøysene ligg på høvesvis kote 114 og 115, og vil verta liggjande under vatn når dei planlagde tiltaka er realisert. Dette vil medføra gravrøysene vert skjult, og på sikt vil skadast og verte øydelagt. I medhald av kulturminnelova § 3 første ledd er dette ikkje tillate. Det er difor vår vurderinga at tiltakshavar må søkja om dispensasjon frå kulturminneloven for dei to gravrøysene (jf. kulturminnelova § 8).

Søknaden blir etter førespurnad frå tiltakshavar utarbeidt av fylkeskommunen og sendt til Riksantikvaren for vurdering. For at Riksantikvaren skal ha tid til å handsame søknaden har det regionale kulturminnevernet rett til tre månader uttalefrist, i medhald av kulturminnelova § 9 andre

| | | | |
|---------------|-----------------|-------------|---------------------------------|
| Postadresse: | Besøksadresse: | Sentralbord | Foretaksregisteret: 940 192 226 |
| Postboks 2844 | Fylkesbakken 10 | 35 91 70 00 | E-post: post@t-fk.no |
| 3702 Skien | 3715 SKIEN | | www.telemark.no |



ledd. Fristen kan om naudsynt forlengast ytterlegare. Om Riksantikvaren innvilgar dispensasjon, vil det vanlegvis stillast vilkår om ein arkeologisk utgraving før tiltaket blir realisert. Utgifter til ei slik utgraving må berast av tiltakshavar, jf. kulturminnelova § 10. For meir informasjon viser vi til våre internettsider (<http://www.telemark.no/kulturminne>) og heimesidene til Riksantikvaren (<http://www.riksantikvaren.no/Norsk/Veiledning/>).

Gravrøysene er dessverre ikkje registrert med korrekt geometri i Askeladden,. Vi vil derfor gjera ei synfaring til staden for å tilstandsvurdera av dei to gravrøysene, og oppdatere geometrien deira.

Vi gjer også merksam på at det ligg to automatisk freda kulturminne (kullgroper id 139389 og id139396) på den austre sidan av elva, omkring 250–300 meter nord-nordvest for eksisterande veg og kraftlinje. Så vidt vi kan forstå frå søknaden så er riggområdet planlagt i nærleiken av eksisterande veg, og skal dermed ikkje koma i konflikt med desse kulturminna. Sidan dette ikkje er avklara, ber vi likevel om at informasjon om plasseringa til kulturminne vert innarbeida i miljø- og transportplanen, saman med følgjande tekst:

I område finnes automatiske freda kulturminna (kullgroper id 139389 og id139396). Det er ikkje tillat å setja i gang tiltak som er eigna til å skada, grava ut, flytta, forandra, dekke til, skjula eller på annan måte utilbørleg skjemma dei automatiske freda kulturminna eller framkalle fare for at dette skal skje.

Vi gjer til slutt merksam på *meldeplikta* etter kulturminnelova § 8 andre ledd. Meldeplikta oppstår når det blir oppdaga automatisk freda kulturminne som ikkje var kjent på førehand. Føresegna legg eit klart ansvar på tiltakshavar om å følgje stanse- og meldeplikta. Tiltakshavar skal forsikre seg om at dei som utfører arbeidet på staden er kjent med stanse- og meldeplikta, men det er tiltakshavar sjølv som står ansvarleg for at freda kulturminne ikkje blir skada. Telemark fylkeskommune er rette adressat for ei eventuell melding. Om det blir påvist automatisk freda kulturminne er det Riksantikvaren som avgjer om arbeidet kan fortsetje og vilkåra for det.

Vi rår at til meldeplikta innarbeidast i miljø- og transportplanen., og at følgjande tekst vert brukt:

Om det viser seg først medan arbeidet er i gang at det kan virke inn på eit automatisk freda kulturminne, skal Telemark fylkeskommune kontaktast og arbeidet stansast i den utstrekkinga det kan røre kulturminnet. Kulturminnemyndighetene avgjer snarast mogleg – og seinst innan 3 veker – om arbeidet kan fortsetje og vilkåra for det. Fristen kan forlengast når særlege grunnar tilseier det (jf. kulturminneloven § 8 andre ledd).

Omsyn til vassmiljø

Regional plan for vassforvaltning i vassregion Vest- Viken 2016-2021 vart vedteke i fylkestinget (sak 48/15) og vert handsama for godkjenning i Klima- og miljødepartementet i mai/juni 2016. Jamfør vassforskriftas mål om heilskapleg vassforvaltning er det viktig å sjå denne søknaden saman med konsesjonar i heile Seljordsvassdraget og da særskilt Sundsbarmkonsesjonen. Miljømålet for Bøelva er god økologisk og god kjemisk tilstand Ein forventar at vassdragsstyresmakta legg miljømåla i regional vassforvaltingsplan til grunn for vurdering av søknaden og at det vert teke omsyn til dei verdiane eit godt vassmiljø representerer både som eigenverdi (jfr. vassforskrifta), for det biologiske mangfaldet, for friluftslivet, kulturmiljøet, landskapet.

| | | | |
|---------------|-----------------|-------------|--|
| Postadresse: | Besøksadresse: | Sentralbord | Foretaksregisteret: 940 192 226 |
| Postboks 2844 | Fylkesbakken 10 | 35 91 70 00 | E-post: post@t-fk.no |
| 3702 Skien | 3715 SKIEN | | www.telemark.no |



TELEMARK
fylkeskommune

Regional plan for vassforvaltning i vassregion Vest- Viken 2016-2021 vart vedteke i fylkestinget (sak 48/15) og vert handsama for godkjenning i Klima- og miljødepartementet i mai/juni 2016. Jamfør vassforskriftas mål om heilskapleg vassforvaltning er det viktig å sjå denne søknaden saman med konsesjonar i heile Seljordsvassdraget og da særskilt Sundsbarmkonsesjonen. Miljømålet for Bøelva er god økologisk og god kjemisk tilstand Ein forventar at vassdragsstyresmakta legg miljømåla i regional vassforvaltingsplan til grunn for vurdering av søknaden og at det vert teke omsyn til dei verdiane eit godt vassmiljø representerer både som eigenverdi (jfr. vassforskrifta), for det biologiske mangfaldet, for friluftslivet, kulturmiljøet, landskapet.

Med helsing

Torbjørn Landmark
rådgiver
torbjorn.landmark@t-fk.no
+47 35 91 73 22

Dokumentet er elektronisk godkjent og sendes uten signatur.

Postadresse:
Postboks 2844
3702 Skien

Besøksadresse:
Fylkesbakken 10
3715 SKIEN

Sentralbord
35 91 70 00

Foretaksregisteret: 940 192 226
E-post: post@t-fk.no
www.telemark.no



**/Avdeling for areal og
transport**

Vår dato 17.03.2016
Vår referanse 15/15956-6

| Mottaker | Kontaktperson | Adresse | Post |
|---------------------------------------|---------------|------------------------------|-----------|
| Norges vassdrags- og energidirektorat | | Postboks 5091, Majorstuen | 0301 OSLO |

| Kopimottaker | Kontaktperson | Adresse | Post |
|-------------------------|---------------|---------------|------------|
| Fylkesmannen i Telemark | | Postboks 2603 | 3702 SKIEN |